
Fra: Svein Ådlandsvik <svod@framo.no>
Sendt: 14. august 2018 06:23
Til: Postmottak Meland
Kopi: Øyvind H Oddekalv; Anny Bastesen; Kristin Moe
Emne: Pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt på gbr. 49/119

Hei.

Når det gjelder førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt på gbr. 49/119, så har eg nokre kommentarer/spørsmål til dette.

Det første eg reagerer på er, å bli truga med tvangsmulkt ved første kontakt, dette er ikkje å invitere til god dialog med brukarane av tjenestene i kommunen.

Denne praksisen kan med fordel endrast på.

Vil tru at dei fleste er villige til å ordna opp i feil og mangler berre dei blir gjort merksam på det, utan varsel om tvangsmulkt.

Fekk mail den 11.07.2018 når eg var på ferie, om at eg hadde fått ny post i e-boks fra Meland kommune, der eg kun hadde mulighet til å lese overskrifta: **Pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt på gbr. 49/119**

Dette var ikkje noko god oppleving når ein er på ferie og ikkje har mulighet til å logge seg på e-boks for å sjå kva dette gjaldt.

So til spørsmålet mitt: Meland Kommune mottok melding frå Norva24 Vest A/S den **06.09.2017**, om at min septiktank har laus skilljevegg.

Kva er så grunnen til at det så blir venta i **10 mnd.** med å sende ut dette førehandsvarselet? Attpåtil første veka i fellesferien, med 3 vekers svarfrist. Prøvde å ringe saksbehandlar, men ho var sjølv sagt på ferie. Fekk heldigvis kontakt med røyrleggjar (som også var på ferie), for å diskutere løysing og godkjenning ang. denne utbedringa.

Her kan ein godt sjå på kalenderen før ein sender ut slike brev med kort svarfrist.

Tilbakemeld skjema er levert inn av røyrlegger som har godkjent utført arbeid.

Litt skryt til slutt, asfalteringsarbeidet som blei utført i Grønhaugvegen før ferien blei meget bra.

Best regards
Svein Ådlandsvik
Grønhaugvegen 52
5917 ROSSLAND
gbr 49/119

This e-mail is intended solely for the use of the individual or entity to whom it is addressed and its content shall be regarded as confidential unless explicitly stated otherwise.

If you have received this e-mail by mistake, please notify the sender immediately by e-mail and delete this e-mail from your system.

Framo is an Alfa Laval owned company and personal data and email will be handled in accordance with the [Alfa Laval Privacy Policy](#).